



Aktivitetshuset er snart ferdig, men treng ny utsetjing av fristen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I fjor haust vart det gjeve utsett frist til 30. mai for ferdigstilling av Uskedalen aktivitetshus – ellers ville spelemidla (2.416.000 kroner, løyvd i 2005) bli trukke tilbake.
No søker kommunen om ny utsetjing av fristen – til 31. desember i år – på grunn av den problematiske situasjon prosjektet er i for tida.**

Fagkoordinator Sissel Aarseth skriv til fylkeskommunen at kommunen har hatt regelmessig kontakt med utbyggjar og fått positive tilbakemeldingar om at dei vil klare å ferdigstille anlegget innan fristen. Men tidleg i mai kom utbyggjar attende til kommunen og ba om hjelp sidan dei ser at dei likevel ikkje er i stand til dette.

Den manglande ferdigstillinga gjeld særleg garderobeanlegget. Utbyggjar ser også at framtidig drift av huset på dugnad vert vanskeleg.

- Det er positivt at dugnadsarbeidet vert ferdig innan fristen, skriv Aarseth.

Under møtet som utbyggjar hadde med kommunen for få dagar sidan vart konklusjonen at utbyggjar må ta opp eit lån for å fullføra anlegget. Banken krev kommunal garanti før dei vil innvilga lån og søknaden om kommunal garanti vil truleg verte handsama i kommunestyret 19. juni.

Kommunen vil også gå inn i ei drøfting om vidare drift av dette og liknande anlegg og vurderer om drift av hallane skal vera ei kommunal oppgåve knytt opp mot skulane. Eit eventuelt positivt vedtak om dette må inn i budsjett/økonomiplan for 1009 og vil truleg ikkje verte avklara før i desember i år, opplyser Aarseth.

Ho slår fast at huset i Uskedalen står der, er teke i bruk og fungerer godt, Kommunens intensjon er at det framleis skal vera i drift og ber difor om ny frist for ferdigstilling.

I og med at framtidig drift av anlegget også er uavklart og at desse utfordringane heng saman ber ho om at fristen for avklaring og ferdigstilling blir sett til årsskiftet.

Av Ola Matti Mathisen